



Hordabø skulemusikklag
Hella 116
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/342 - 18/10135

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
26.06.2018

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - musikk

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2018 sett av 400 000 kroner i driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av desse skal song og musikk ha 35 %, eller kr 140 000,-.

Retningslinene for fordeling av kulturmidlar i Radøy kommune seier: «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkt verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Retningslinene seier vidare at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette har administrasjonen vedtatt fordelinga av midlar som vist nedanfor. Radøy musikkråd har hatt saka til uttale, og hadde ingen merknader til fordelinga.

Lag	Tilskot
Hordabø Skulemusikklag	34 000
Manger Skulemusikklag	47 500
Radøy brass	18 000
Radøy Damekor	5 500
Sæbø Skulemusikklag	35 000
Totalt	140 000

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om rett til å klaga på eit forvaltningsvedtak

Kopi til:

Radøy musikkråd v/Rut Alise
Kongevold

Mottakarar:

Hordabø skulemusikklag	Hella 116	5936	MANGER
Manger skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER
Radøy brass		5938	SÆBØVÅGEN
Radøy damekor v/Elin Irene Klausen			
Sæbø skulemusikklag			